



Sunnfjord
kommune

Vurdering av strukturtiltak

Tiltak 5: Utvide eksisterende barnehagar for å auke kapasiteten



Innhald

Tiltak 5 barnehage: Utvide eksisterande barnehagar for å auke kapasiteten	4
Beskriving av tiltak.....	4
Geografi	6
Demografi	6
Kapasitet	8
Kapasitet arealplassar.....	8
Utviding av barnehagar	12
Halbrend barnehage.....	13
Kapasitet arealplassar og disponibelt areal.....	13
Utviding av inntil 3 avdelingar med 18/24.....	14
Nærleiken barnehage.....	15
Kapasitet arealplassar og disponibelt areal.....	15
Utviding av inntil 3 avdelingar med 18/24.....	15
Solsida barnehage avdeling Toene.....	17
Kapasitet arealplassar og disponibelt areal.....	17
Utviding av inntil 3 avdelingar med 18/24.....	17
Sunde barnehage.....	18
Kapasitet arealplassar og disponibelt areal.....	18
Utviding av inntil 3 avdelingar med 18/24.....	19
Konsekvensar	20
Økonomisk effekt.....	20
Kalkyle til investering til å utvide eksisterande barnehagar med inntil 3 avdelingar.....	21
Kalkyle for å utvide med 1 avdeling med 18/24 barn.....	21
Kalkyle for å utvide med 2 avdelingar med 18/24 barn	22
Kalkyle for å utvide med 3 avdelingar med 18/24 barn	22
Konsekvensar for barna	23
Konsekvensar for tilsette	23
Konsekvensar for lokalsamfunnet.....	23
Andre konsekvensar	24
Effekt- og konsekvensmatrise	24
Halbrend barnehage.....	25
Nærleiken barnehage.....	25
Solsida barnehage avdeling Toene.....	26
Sunde barnehage.....	26

Konklusjon 27

Tiltak 5 barnehage: Utvide eksisterande barnehagar for å auke kapasiteten

Start | 2027
Slutt |

Beskriving av tiltak

Tiltaket handlar om å utvide eksisterande barnehagar i Førde sentrum for å auke kapasiteten. Barnehagesektoren har per i dag tilstrekkeleg kapasitet i barnehagane. Kapasitetutfordringane er ikkje drivar for å utvide fleire av eksisterande barnehagar.

Det estimerte tal barn i framskrivingane for Førde sentrum er 30 – 40 færre barn fram til 2030. I barnehagealder i dag har vi til saman 699 barn i kulla 2019-2023. I perioden 2027-2030 vil barnetalet ut frå framskriving av tal fødde barn er mellom 655-667.

Tabellane under er eit estimat på kor mange barn det er i barnehagealder for perioden 2027-2030.

Utvide barnehagar i 2027

Barna er født i frå 2022-2026.

År	2026	2025	2024	2023	2022	Samla
Tal barn	133	130	126	133	135	657

Tabell 1: Syner oversikt over estimert tal barn i Førde sentrum.

Utvide barnehagar i 2028

Barna er født i frå 2023-2027.

År	2027	2026	2025	2024	2023	Samla
Tal barn	133	133	130	126	133	655

Tabell 2: Syner oversikt over estimert tal barn i Førde sentrum.

Utvide barnehagar i 2029

Barna er født i frå 2024-2028.

År	2028	2027	2026	2025	2024	Samla
Tal barn	135	133	133	130	126	657

Tabell 3: Syner oversikt over estimert tal barn i Førde sentrum.

Utvide barnehagar i 2030

Barna er født i frå 2024-2029.

År	2029	2028	2027	2026	2025	Samla
Tal barn	136	135	133	133	130	667

Tabell 4: Syner oversikt over estimert tal barn i Førde sentrum.

Aktuelle barnehagar som blir sett på for auke kapasiteten er:

- Halbrend barnehage
- Nærleiken barnehage
- Solsida barnehage avdeling Toene
- Sunde barnehage

Å utvide aktuelle eksisterande barnehagar må kompenseras ved at andre barnehagar blir lagt ned. Dette då vi ikkje har bruk for å utvide kapasiteten.

Det blir ikkje i tiltaket vurdert kva barnehagar som blir lagt ned dersom ein vel å auke kapasiteten i desse barnehagane. Tiltaket vil synleggjere mogelegheiter og kva kostnadar ei utviding har.

Sal av tomter til barnehagar som blir lagt ned kan nyttast til investering til utviding av barnehagar.

Det som blir vurdert i tiltaket er:

- Potensiale for å utvide barnehagen
- Er det tilstrekkeleg areal til disponibelt areal på tomte for å auke kapasiteten
- Kalkyle til investering av nye avdelingar

Barnehagar som i andre tiltak er aktuelle for å bli lagt ned er ikkje vurdert i tiltaket for utviding.

Geografi




Illustrasjon 1: Kartutsnitt over alle barnehagane i Fårde sentrum inkludert plassering av «nye Slåtten barnehage» (kartutsnittet ligg vedlagt i sin heilskap i saka).

Kartutsnittet syner kor eksisterande barnehagar er plassert i Fårde sentrum, både kommunale, private og plassering av «nye Slåtten barnehage».

Demografi


Framskrivingane av barnetalet i Sunnfjord kommune i aldersgruppa 1-5 år har ei negativ utvikling fram mot 2050, jf. kunnskapsgrunnlaget for kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen.

Framskriving av tal fødde for heile Sunnfjord kommune fram til 2050 syner at det i gjennomsnitt blir født 227 per år.



Graf 1: Syner oversikt framskriving av tal fødde i perioden 2024-2050.

Uttrekket frå Norkart sin befolkningsanalyse 27.09.2024 syner kor mange som er busett innanfor skulekrinsane i Førde sentrum. Tala frå Norkart befolkningsanalyse viser kor mange i aldersgruppa 0-5 år som er busett per dags dato innanfor skulekrinsane Flatene, Førde barneskule, Slåtten skule og Sunde skule.



Graf 2: Syner oversikt over busette i skulekrinsane per 27.09.2024.

Samla for Førde sentrum er det busett i aldersgruppa 0-5 år som vist i tabellen under:

År	2024	2023	2022	2021	2020	2019
Førde sentrum	96	133	135	140	132	159

Tabell 5: Syner oversikt over busette i aldersgruppa 0-5 år.

Kapasitet

Det er tilstrekkeleg kapasitet i eksisterande barnehagar både i kommunale og private barnehagar for å dekke framtida sitt behov.

Kapasitet arealplassar


Det er henta ut nye oppdaterte tal for å sjå på kapasiteten i barnehagane i Førde sentrum etter at kunnskapsgrunnlaget for kvalitet og kapasitet blei vedteke i kommunestyret 26.09.2024. Uttrekket er frå 27.09.2024. og gjeld for barnehageåret 2024/2025.

I denne framstillinga er det ikkje tatt omsyn til bemanningsnorma i den enkelte barnehage (tilsette i dag) eller om det er forsvarleg pedagogisk å utnytte arealplassane maksimalt. Dette er ei matematisk framstilling og kapasiteten er lågare ut frå eit forsvarleg pedagogisk perspektiv.

Kapasitet i kommunale barnehagar i Førde sentrum for 2024/2025

Grafen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte kommunale barnehage for barnehageåret 2024/2025.

Ut frå tal arealplassar er det ledig kapasitet i alle dei kommunale barnehagane for inneverande barnehageår.



Graf 3: Oversikt over kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar

Tabellen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte barnehage.

Barnehagar	Barnetal 24/25	Kapasitet arealplassar	Arealplassar i bruk	Ledige arealplassar
Halbrend	54	79,8	60	19,8
Hatlehaugen	39	57,1	43,7	13,4
Nærleiken	61	135,1	69,3	65,8
Slåttebakkane	30	49,8	34	15,8
Solsida avd. Haugum	33	55,3	36,7	18,7

Solsida avd. Toene	52	68	57,3	10,7
Sunde	54	87,6	60	27,6
Tusenfryd	29	57,3	33	24,3
Vie	80	109,1	90	19,1
Vieåsen	52	77,1	58,7	18,4
Ytre Hafstad	55	98,4	61	37,4

Tabell 6: Syner oversikt over kapasitet i kommunale barnehagar.

Samla kapasitet i dei kommunale barnehagane


Barnehagar	Barnetal 24/25	Kapasitet areal- plassar	Arealplassar i bruk	Ledige areal- plassar
Samla	539	874,7	603,7	271

Tabell 7: Syner oversikt over samla kapasitet i kommunale barnehagar.

Kapasitet i private barnehagar i Førde sentrum 2024/2025

Grafen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte private barnehage for barnehageåret 2024/2025.

Ut frå tal arealplassar er det ledig kapasitet i alle dei private barnehagane for inneverande barnehageår.



Graf 4: Oversikt over kapasitet areal plassar, areal plassar i bruk og ledige areal plassar i private barnehagar.

Tabellen under syner kva kapasitet areal plassar, areal plassar i bruk og ledige areal plassar det er i den enkelte barnehage.

Barnehagar	Barnetal 24/25	Kapasitet areal plassar	Areal plassar i bruk	Ledige areal plassar
Prestebakken	54	78,8	61,2	17,6
Solvang	47	78,3	54,2	24,1
Viebøen	57	104	65,6	38,4

Tabell 8: Syner oversikt over kapasitet i private barnehagar.

Samla kapasitet i dei private barnehagane

Barnehagar	Barnetal 24/25	Kapasitet areal- plassar	Arealplassar i bruk	Ledige areal- plassar
Samla	158	261,1	180,9	80,1

Tabell 9: Syner oversikt over samla kapasitet i private barnehagar.

Utviding av barnehagar

Dei barnehagane som blir vurdert å ha potensiale til å utvide er desse barnehagane:

- Halbrend barnehage
- Nærleiken barnehage
- Solsida barnehage avdeling Toene
- Sunde barnehage

I vurderingane er det sett på å utvide inntil 3 avdelingar med 18/24 store barn.

Kriterium som ligg til grunn for vurderingane:

- Arealnorm for store barn, 4,5 m² (minimum for å ha fleksibiliteten)
- Arealnorm uteområde er 6 x godkjent leike- og opphaldsareal inne
- Nytt arealbehovet for nye avdelingar blir lagt til det barnehagane er godkjent for per i dag
- Behov for uteareal etter vedtekter blir sett opp mot disponibelt areal

Behovet for areal for å sy saman eksisterande bygg med ny bygningsmasse og god infrastruktur i tilbygget er ikkje inkludert i behovet for areal. I framstillingane er det sett på kor mykje areal barnehagen samla har bruk for dersom barnehage blir utvida med inntil 3 avdelingar.

I nytt arealbehov for å utvide barnehagane blir det vurdert om barnehagen har tilstrekkeleg disponibelt areal på tomte til å bygge ny bygningsmasse på bakkenivå, og at det er igjen tilstrekkeleg uteareal for å følgje eigne normer i dei kommunale vedtektene.


Tabellen under syner kor mykje areal det er behov for ved å utvide frå 1-3 avdelingar med 18/24 barn:

Avd.	Barn pr avd.	Behov for godkjent leike- og opphaldsareal m2	Behov for uteareal m2
1	18	81	486
	24	108	648
2	18	162	972
	24	216	1 296
3	18	243	1 458
	24	324	1 944

Tabell 10: Oversikt over behov for areal inne og ut med utviding inntil 3 avdelingar.

Halbrend barnehage

Kapasitet arealplassar og disponibelt areal



Når Halbrend er full har barnehagen kapasitet til ut frå heiltidsplassar og arealplassar:

Innhald	Tal
Heiltidsplassar	54
Kapasitet arealplassar	79,8

Tabell 11: Oversikt over heiltidsplassar og kapasitet i barnehagen.

Illustrasjon 2: Tomta til Halbrend barnehage (rødt område).

Nedanfor er oversikta over arealet Halbrend barnehage disponerer i dag:

Godkjent leike- og opphaldsareal	Behov for uteareal	Disponibelt uteareal	Avvik i uteareal
359	2 154	3 823	1 669

Tabell 12: Disponibelt areal inne og ute i Halbrend barnehage.

Halbrend barnehage disponerer 1 669 m2 meir enn dei har bruk for ut frå arealnorma for uteområdet. Det er på bakgrunn av det potensiale til å utvide barnehagen på bakkenivå.

Utviding av inntil 3 avdelingar med 18/24

1 avdeling:

Barn	Samla behov for godkjent leike- og opphaldsareal	Behov for uteareal	Disponibelt uteareal	Avvik i uteareal
18	440	2 640	3 742	1 102
24	467	2 802	3 715	913

Tabell 13: Behov for areal inne og ute ved utviding.

2 avdelingar:

Barn	Godkjent leike- og opphaldsareal	Behov for uteareal	Disponibelt uteareal	Avvik i uteareal
18	521	3 126	3 661	535
24	575	3 450	3 607	157

Tabell 14: Behov for areal inne og ute ved utviding.

3 avdelingar:

Barn	Godkjent leike- og opphaldsareal	Behov for uteareal	Disponibelt uteareal	Avvik i uteareal
18	602	3 612	3 580	-32
24	683	4 098	3 499	-599

Tabell 15: Behov for areal inne og ute ved utviding.

Halbrend barnehage har tilstrekkeleg disponibelt areal på tomta til å utvide med inntil 2 avdelingar med 24 barn på bakkenivå. Ved å utvide med inntil 2 avdelingar vil vi stette egne krav til arealnorm for uteområde i kommunale vedtekter.

Dersom barnehagen skal bli utvida med 3 avdelingar med 18/24 barn på bakkenivå må tomta utvidast for å få tilstrekkeleg areal til bygningsmassen og uteareal for å stette norma.

Det er mogeleg å bygge på ein etasje på eksisterande bygningsmasse. Dersom det blir bygd på ein etasje vil barnehagen har tilstrekkeleg uteareal for å følgje norma til og med å utvide inntil 3 avdelingar med 18 barn. Det er først i siste alternativet å utvide 3 avdelingar med 24 barn det er behov for å utvide tomta for å stette egne krav til norma. Det er då behov for å utvide tomta med 275 m².

Nærleiken barnehage

Kapasitet arealplassar og disponibelt areal



Når Nærleiken er full har barnehagen kapasitet til ut frå heiltidsplassar og arealplassar:

Innhald	Tal
Heiltidsplassar	81
Kapasitet arealplassar	135,1

Tabell 16: Oversikt over heiltidsplassar og kapasitet i barnehagen.

Illustrasjon 3: Tomta til Nærleiken barnehage (rødt område).

Nedanfor er oversikta over arealet Nærleiken barnehage disponerer i dag:

Godkjent leike- og opphaldsareal	Behov for uteareal	Disponibelt uteareal	Avvik i uteareal
608	3 648	4 180	532

Tabell 17: Disponibelt areal inne og ute i Nærleiken barnehage.

Nærleiken barnehage disponerer 532 m² meir enn dei har bruk for ut frå arealnorma for uteområdet. Det er på bakgrunn av det noko potensiale til å utvide barnehagen på bakkenivå.

Utviding av inntil 3 avdelingar med 18/24

1 avdeling:

Barn	Godkjent leike- og opphaldsareal	Behov for uteareal	Disponibelt uteareal	Avvik i uteareal
18	689	4 132	4 099	-35
24	716	4 296	4 072	-224

Tabell 18: Behov for areal inne og ute ved utviding.

2 avdelingar:

Barn	Godkjent leike- og opphaldsareal	Behov for uteareal	Disponibelt uteareal	Avvik i uteareal
18	770	4 620	4 018	-602
24	824	4 944	3 964	-980

Tabell 19: Behov for areal inne og ute ved utviding.

3 avdelingar:

Barn	Godkjent leike- og opphaldsareal	Behov for uteareal	Disponibelt uteareal	Avvik i uteareal
18	851	5 106	3 937	-1 169
24	932	5 592	3 856	-1 736

Tabell 20: Behov for areal inne og ute ved utviding.

Nærleiken barnehage har ikkje tilstrekkeleg disponibelt areal på tomta til å utvide med avdelingar på bakkenivå. I det minste alternativet er det bruk for eit godkjent leike- og opphaldsareal med 81 m² og eit uteareal på 486 m² for å stette krava i egne vedteker. Nærleiken vil mangle 35 m² for å utvide barnehagen med 1 avdeling med 18 barn.


Dersom barnehagen skal bli utvida med fleire avdelingar på bakkenivå må tomta utvidast for å få tilstrekkeleg areal til bygningsmassen og uteareal for å stette norma.

Det er mogeleg å bygge på ein etasje på eksisterande bygningsmasse. Dersom det blir bygd på ein etasje vil barnehagen ha tilstrekkeleg uteareal for å følgje norma til å utvide med ei avdeling med 18 barn. Frå og med ei avdeling med 24 barn til og med 3 avdelingar med 24 barn er det behov for å utvide tomta for å få tilstrekkeleg uteareal for å stette krava til arealnorm.

Nærleiken barnehage manglar administrasjonsdel i egne lokale. Per i dag leiger barnehagen 4 kontor frå Førde idrettslag (FIL). Det er føremålstenleg at ei eventuell utviding av barnehagen inkluderer areal til administrasjonsdelen. Det er tilstrekkeleg disponibelt areal med 532 m² til å løyse administrasjonsdelen utan å utvide barnehagen med fleire avdelingar. Det er behov for å utvide tomta med 116 m² til 1 412 m² for dei ulike alternativa.

Solsida barnehage avdeling Toene

Kapasitet arealplassar og disponibelt areal



Når Solsida avdeling Toene er full har barnehagen kapasitet til ut frå heiltidsplassar og arealplassar:

Innhald	Tal
Heiltidsplassar	54
Kapasitet arealplassar	68

Tabell 21: Oversikt over heiltidsplassar og kapasitet i barnehagen.

Illustrasjon 3: Tomta til Solsida barnehage avdeling Toene (rødt område).

Nedanfor er oversikta over arealet Solsida barnehage avdeling Toene disponerer i dag:

Godkjent leike- og opphaldsareal	Behov for uteareal	Disponibelt uteareal	Avvik i uteareal
306	1 836	941	-895

Tabell 22: Disponibelt areal inne og ute i Solsida barnehage avdeling Toene.

Solsida barnehage avdeling Toene er ein av dei barnehagane som har minst godkjent leike- og opphaldsareal i bygget med sine 306 m² i forhold til tal heiltidsplassar. Eksisterande barnehage manglar allereie i dag uteareal for å stette norma vi har i egne vedtekter med 895 m². Det er ikkje per i dag mogeleg å utvide barnehagen ved å bygge på bakkenivå.

Utviding av inntil 3 avdelingar med 18/24

1 avdeling:

Barn	Godkjent leike- og opphaldsareal	Behov for uteareal	Disponibelt uteareal	Avvik i uteareal
18	387	2 322	860	-1 462
24	414	2 484	833	-1 651

Tabell 23: Behov for areal inne og ute ved utviding.

2 avdelingar:

Barn	Godkjent leike- og opphaldsareal	Behov for uteareal	Disponibelt uteareal	Avvik i uteareal
18	468	2 808	779	-2 029
24	522	3 132	725	-2 407

Tabell 24: Behov for areal inne og ute ved utviding.

3 avdelingar:

Barn	Godkjent leike- og opphaldsareal	Behov for uteareal	Disponibelt uteareal	Avvik i uteareal
18	549	3 294	698	-2 596
24	630	3 780	617	-3 163

Tabell 25: Behov for areal inne og ute ved utviding.

Solsida barnehage avdeling Toene manglar i dag tilstrekkeleg uteareal for å stette egne krav til norm for uteareal i vedtektene.

Dersom barnehagen skal bli utvida med fleire avdelingar på bakkenivå må tomte utvidast for å få tilstrekkeleg areal til bygningsmassen og uteareal for å stette norma.

Det er mogeleg å bygge på ein etasje på eksisterande bygningsmasse. Dersom det blir bygd på ein etasje vil barnehagen ha behov for å utvide tomte for alle alternativa for å stette norma for uteareal. Det er behov for å utvide tomte frå 1 381 m² til 2 839 m².

Sunde barnehage

Kapasitet arealplassar og disponibelt areal



Når Sunde er full har barnehagen kapasitet til ut frå heiltidsplassar og arealplassar:

Innhald	Tal
Heiltidsplassar	54
Kapasitet arealplassar	87,6

Tabell 26: Oversikt over heiltidsplassar og kapasitet i barnehagen.

Illustrasjon 4: Tomta til Solsida barnehage avdeling Toene (rødt område).

Nedanfor er oversikta over arealet Sunde barnehage disponerer i dag:

Godkjent leike- og opphaldsareal	Behov for uteareal	Disponibelt uteareal	Avvik i uteareal
394	3 828	2 364	1 464

Tabell 27: Disponibelt areal inne og ute i Sunde barnehage.

Sunde barnehage disponerer 1 464 m² meir enn dei har bruk for ut frå arealnorma for uteområdet. Det er på bakgrunn av det potensiale til å utvide barnehagen på bakkenivå.

Utviding av inntil 3 avdelingar med 18/24

1 avdeling:

Barn	Godkjent leike- og opphaldsareal	Behov for uteareal	Disponibelt uteareal	Avvik i uteareal
18	475	2 850	3 747	897
24	502	3 012	3 720	708

Tabell 28: Behov for areal inne og ute ved utviding.

2 avdelingar:

Barn	Godkjent leike- og opphaldsareal	Behov for uteareal	Disponibelt uteareal	Avvik i uteareal
18	556	3 336	3 666	330
24	610	3 660	3 612	-48

Tabell 29: Behov for areal inne og ute ved utviding.

3 avdelingar:

Barn	Godkjent leike- og opphaldsareal	Behov for uteareal	Disponibelt uteareal	Avvik i uteareal
18	637	3 822	3 585	-237
24	718	4 308	3 504	-804

Tabell 30: Behov for areal inne og ute ved utviding.

Sunde barnehage har tilstrekkeleg disponibelt areal på tomta til å utvide med inntil 2 avdelingar med 18 barn på bakkenivå. Ved å utvide med inntil 2 avdelingar vil vi støtte egne krav til arealnorm for uteområde i kommunale vedtekter.

Dersom barnehagen skal bli utvida frå 2 avdelingar med 24 barn til 3 avdelingar med 24 barn på bakkenivå må tomta utvidast for å få tilstrekkeleg areal til bygningsmassen og uteareal for å støtte norma.

Det er mogeleg å bygge på ein etasje på eksisterande bygningsmasse. Dersom det blir bygd på ein etasje vil barnehagen ha tilstrekkeleg uteareal for å følgje norma til og med å utvide inntil 3 avdelingar med 18 barn. Det er først i siste alternativet å utvide med 3 avdelingar med 24 barn det er behov for å utvide tomta for å støtte egne krav til norma. Det er då behov for å utvide tomta med 480 m².

Sunde barnehage er ein av dei barnehagane som har eit mindre attraktivt uteområde. Dersom barnehagen blir utvida med fleire avdelingar bør ein samtidig utvikle uteområdet slik at det blir meir attraktivt for barna. Dette vil gi eit større investeringsbehov.

Konsekvensar

Økonomisk effekt

For å få ein økonomisk effekt på sikt er det behov for å legge ned andre barnehagar som ikkje er aktuelle å utvide. Innsparingspotensiale i tiltaket blir i størst grad ved å drifte færre barnehagar og ha større barnehagar som kan effektivisere drifta.

Utan å snakke om konkrete barnehagar som blir vurdert å erstatte utviding i andre barnehagar er det utfordrande å talfeste kva innsparingspotensialet blir.

Tiltaket blir per i dag lagt fram utan å synleggjere innsparingspotensiale. I andre tiltak som blir lagt fram er det synleggjort kva som er innsparingspotensiale ved å legge ned ulike kombinasjonar av 1-3 barnehagar, dette gir ein peikepinn på innsparingspotensiale.

Å gjennomføre tiltaket vil det ha ein investeringskostnad for å utvide eksisterande barnehagar. Nedanfor er det ein detaljert kalkyle på nivået på investeringa. I tabellen under er det oversikt over ei samla investering for dei ulike alternativa:

Utviding av avdelingar	18 barn	24 barn
1 avdeling	11 884	15 845
2 avdelingar	23 768	31 691
3 avdelingar	35 652	47 536

Tabell 31: Behov for investering ved utviding av eksisterande barnehagar.

For fleire av barnehagane i dei ulike alternativa til utviding er det mest føremålstenleg å utvide avdelingar ved å bygge på ein etasje. Det vil truleg ha ein større kostnad enn det som er sett opp i tabellen. Investeringsbehovet vil sannsynlegvis bli større.

Kalkyle til investering til å utvide eksisterande barnehagar med inntil 3 avdelingar

Kalkylen til investering er ei grovskisse og må arbeidast meir med om det er aktuelt å utvide ein eksisterande barnehage. I kalkylen er det lagt til grunn å utvide på bakkenivå.

I fleire av barnehagane som er aktuelle for utviding er det ikkje tilstrekkeleg disponibelt areal på tomta til å bygge på bakkenivå, dersom ein skal følgje eiga norm for uteareal i kommunale vedtekter for barnehage. For fleire av barnehagane vil det vere mest føremålstenleg å bygge på ein etasje.

Kostnadane ved å bygge på ein etasje vil truleg vere høgare enn kalkylen som er i tabellane under. I tillegg må barnehagen drifte i eit anna bygg i byggeperioden som også kan ha ein kostnad.

Kalkyle for å utvide med 1 avdeling med 18/24 barn

Kostnadspostar	9/18	12/24
Tal plassar	18	24
Bygg inkludert tekniske fag		
Bygg og tekniske installasjonar		
Huskostnad	7 155	9 540
Utomhusarbeid inkludert regulering		
Opparbeiding av uteareal	518	691
Leikeapparat og anna inventar	540	720
Entreprisekostnad	1 058	1 411
Generelle kostnader		
Administrasjon, byggeleing (5%)	411	548
Forsikring, gebyr m.m. (1%)	82	110
Byggekostnad	493	657
Spesielle kostnader		
Meirverdiavgift (25%)	2 176	2 902
Finansieringskostnad (5%)	435	580
Prosjektkostnad	2 612	3 482
Reserve og margin (5%)	566	755
Sum kalkyle	11 884	15 845

Tabell 32: Kalkyle for investering ved utviding av eksisterande barnehagar.

Kalkyle for å utvide med 2 avdelingar med 18/24 barn

Kostnadspostar	9/18	12/24
Tal plassar	36	48
Bygg inkludert tekniske fag		
Bygg og tekniske installasjonar		
Huskostnad	14 310	19 080
Utomhusarbeid inkludert regulering		
Opparbeiding av uteareal	1 037	1 382
Leikeapparat og anna inventar	1 080	1 440
Entreprisekostnad	2 117	2 822
Generelle kostnader		
Administrasjon, byggeleing (5%)	821	1 095
Forsikring, gebyr m.m. (1%)	164	219
Byggekostnad	986	1 314
Spesielle kostnader		
Meirverdiavgift (25%)	4 353	5 804
Finansieringskostnad (5%)	871	1 161
Prosjektkostnad	5 224	6 965
Reserve og margin (5%)	1 132	1 509
Sum kalkyle	23 768	31 691

Tabell 33: Kalkyle for investering ved utviding av eksisterande barnehagar.

Kalkyle for å utvide med 3 avdelingar med 18/24 barn

Kostnadspostar	9/18	12/24
Tal plassar	54	72
Bygg inkludert tekniske fag		
Bygg og tekniske installasjonar		
Huskostnad	21 465	28 620
Utomhusarbeid inkludert regulering		
Opparbeiding av uteareal	1 555	2 074
Leikeapparat og anna inventar	1 620	2 160
Entreprisekostnad	3 175	4 234
Generelle kostnader		
Administrasjon, byggeleing (5%)	1 232	1 643
Forsikring, gebyr m.m. (1%)	246	329
Byggekostnad	1 478	1 971
Spesielle kostnader		
Meirverdiavgift (25%)	6 530	8 706
Finansieringskostnad (5%)	1 306	1 741
Prosjektkostnad	7 836	10 447

Reserve og margin (5%)	1 698	2 264
Sum kalkyle	35 652	47 536

Tabell 34: Kalkyle for investering ved utviding av eksisterande barnehagar.

Konsekvensar for barna

- For å utvide eksisterande barnehagar vil andre bli lagt ned og det vil vere fleire barn som har bruk for ny barnehageplass.
- Ein premiss for å redusere konsekvensane for barna i barnehagar som blir lagt ned er at barna får søke om barnehageplass i ny barnehage før hovudopptaket, kan velge ein barnehage i nærleiken
- Barnehagetilbodet og innhald, grunnverdiar, regelverk, rammeplanen og overordna planar for Sunnfjord kommune er det same i alle kommunale barnehagar
- Tilrettelegging og støttesystem vil vere det same tilbodet i andre barnehagar

Konsekvensar for tilsette

- Personalgruppa i barnehagane som eventuelt blir lagt ned blir oppløyst som kollegagruppe og tilsette må etablere seg i nye arbeidsmiljø
- Dei tilsette blir mest truleg spreidd i fleire barnehagar
- Ny arbeidsplass og nye kollegaer kan gi nye impulsar, og dei tilsette blir ein del av eit nytt fagmiljø
- Det er mogeleg å auke pedagogtettleiken i barnehagar som ikkje stettar krava etter barnehagelova om pedagognorm
- Tilsette som må bytte arbeidsplass skal få mogelegheit til å søke seg til andre barnehagar. Det må vere ein god prosess slik at tilsette blir godt tatt i vare
- Det gir mogelegheiter og potensiale til å tenke nytt både for tilsette som kjem inn og dei som skal ta imot nye tilsette
- Med dagens situasjon der vi skal redusere kostnadane og overtalige i barnehagesektoren vil det i størst grad vere interne prosessar for tilsetting før det eventuelt blir lyst ut eksternt.

Konsekvensar for lokalsamfunnet

- Vi vurderer at konsekvensane samla sett for lokalsamfunna er minimale ved å gjennomføre tiltaket.
- Det er fleire andre barnehagar i same område til barnehagar som blir lagt ned.
- Vi legg til grunn at nedlegging av ein barnehage i sentrum får mindre konsekvens enn nedlegging av barnehage i grend/tettstad i distrikta. Lokalsamfunnet i Førde sentrum blir ikkje vesentleg råka av tiltaket.

Andre konsekvensar

- Ei utviding av eksisterande barnehagar kan føre til meir effektiv bruk av ressursar, både når det gjeld personalkapasitet og bygningsmasse.
- Det er fritt barnehageval og foreldre kan sjølv velge kva barnehage dei ønsker barnet skal fullføre barnehagetida i. Dersom foreldre vel ein privat barnehage kan det auke tilskot til private barnehagar.

Effekt- og konsekvensmatrise

		Effekt og konsekvens					
Høg	1	Konsekvens	1	2	3	4	5
	2		2	4	6	8	10
	3		3	6	9	12	15
	4		4	8	12	16	20
Låg	5		5	10	15	20	25
		Effekt					
		1	2	3	4	5	
		Låg				Høg	

Kriteria som blir vurdert i matrisa er:

- Potensiale for å utvide med avdelingar på bakkenivå utan å utvide tomta
- Behovet for å utvide tomta for å bygge på bakkenivå
- Behovet for å utvide tomta for å ha tilstrekkeleg uteareal etter norma ved å bygge på ein etasje
- Investeringsbehovet ut frå tal avdelingar
- Effekten av tal avdelingar barnehagen blir utvida med samla for heile barnehagesektoren

Halbrend barnehage

Vurdering

Halbrend barnehage har potensialet til å utvide med inntil 2 avdelingar med 24 barn på bakkenivå utan at det er behov for å utvide tomte. Det er føremålstenleg å bygge på bakkenivå då dette truleg har eit lågare investeringsbehov. Det er mogeleg å utvide med inntil 3 avdelingar med 18 barn dersom det bygd på ein etasje. Det har truleg ein større investeringskostnad som aukar konsekvensen.

Å utvide med 1 avdeling med 18 barn har ein lågare effekt samla for barnehagesektoren samanlikna med å utvide 3 avdelingar med 24 barn. Utan å utvide tomte eller å bygge på ein etasje i barnehagen vil det vere middels effekt å utvide med 2 avdelingar med 24 barn.

Investeringskostnadane aukar til fleire og større avdelingar det blir bygd. Konsekvensen er lågast ved å bygge 1 avdeling med 18 barn samanlikna å bygge 3 avdelingar med 24 barn. Halbrend barnehage har potensialet til å utvide med 2 avdelingar med 24 barn utan at det får ytterlegare kostnadar til å utvide tomte eller å bygge i høgda.

Nærleiken barnehage

Vurdering

Nærleiken har ikkje potensiale til å utvide med fleire avdelingar på bakkenivå utan å utvide tomte eller å bygge på ein etasje. Ved å bygge på ein etasje vil barnehagen likevel ikkje ha tilstrekkeleg uteareal etter norma til å utvide med meir enn 1 avdeling med 18 barn. Potensialet i Nærleiken barnehage har truleg ein større kostnad enn å bygge på bakkenivå.

Å utvide med 1 avdeling med 18 barn har ein lågare effekt samla for barnehagesektoren samanlikna med å utvide 3 avdelingar med 24 barn. Utan å utvide tomte eller å bygge på ein etasje i barnehagen vil det ikkje vere potensialet til å utvide barnehagen. Å utvide barnehagen med 1 avdeling med 18 barn dersom det blir bygd på ein etasje har lite effekt for barnehagesektoren. Skal barnehagen utvidast med fleire avdelingar for å få betre effekt er det behov for å utvide tomte i tillegg til å bygge på ein etasje.

Investeringskostnadane aukar til fleire og større avdelingar det blir bygd. Konsekvensen er lågast ved å bygge 1 avdeling med 18 barn samanlikna å bygge 3 avdelingar med 24 barn. Kostnadane ved å utvide Nærleiken barnehage er truleg høgare enn anslaget i kalkylen fordi det er føremålstenleg å bygge på ein etasje og i tillegg utvide tomte for å få ein betre effekt.

Solsida barnehage avdeling Toene

Vurdering

Solsida barnehage avdeling Toene har ikkje potensiale til å utvide med fleire avdelingar på bakkenivå utan å utvide tomte. Det er behov for å utvide tomte sjølv om ein vel å bygge på ein etasje. Bakgrunnen for dette er at barnehagen allereie manglar uteareal med dagens drift for å støtte krava om norm for uteareal. Å utvide Solsida barnehage avdeling Toene vil ha ein større kostnad enn anslaget i kalkylen for dei ulike alternativa.

Å utvide med 1 avdeling med 18 barn har ein lågare effekt samla for barnehagesektoren samanlikna med å utvide 3 avdelingar med 24 barn. Utan å gjere større grep i Solsida barnehage avdeling Toene har det liten effekt å utvide barnehagen med fleire avdelingar. Skal barnehagen utvidast med fleire avdelingar for å få betre effekt er det behov for å utvide tomte i tillegg til å bygge på ein etasje.

Investeringskostnadane aukar til fleire og større avdelingar det blir bygd. Konsekvensen er lågast ved å bygge 1 avdeling med 18 barn samanlikna å bygge 3 avdelingar med 24 barn. Kostnadane ved å utvide Solsida barnehage avdeling Toene er truleg høgare enn anslaget i kalkylen fordi det er føremålstenleg å bygge på ein etasje og i tillegg utvide tomte for å få ein betre effekt.

Sunde barnehage

Vurdering

Sunde barnehage har potensiale til å utvide med inntil 2 avdelingar med 18 barn på bakkenivå utan at det er behov for å utvide tomte. Det er føremålstenleg å bygge på bakkenivå då dette truleg har eit lågare investeringsbehov. Det er mogeleg å utvide med inntil 3 avdelingar med 18 barn dersom det bygd på ein etasje. Det har truleg ein større investeringskostnad som aukar konsekvensen.

Å utvide med 1 avdeling med 18 barn har ein lågare effekt samla for barnehagesektoren samanlikna med å utvide 3 avdelingar med 24 barn. Utan å utvide tomte eller å bygge på ein etasje i barnehagen vil det vere middels effekt å utvide med 2 avdelingar med 18 barn.

Investeringskostnadane aukar til fleire og større avdelingar det blir bygd. Konsekvensen er lågast ved å bygge 1 avdeling med 18 barn samanlikna å bygge 3 avdelingar med 24 barn. Halbrend barnehage har potensialet til å utvide med 2 avdelingar med 18 barn utan at det får ytterlegare kostnadar til å utvide tomte eller å bygge i høgda.

Rangering av potensiale i dei ulike alternativa:

Rangering	Barnehage
1	Halbrend
2	Sunde
3	Nærleiken
4	Solsida avdeling Toene

Tabell 39: Rangering av barnehagane med potensiale for å utvide.

Konklusjon

Barnetalet ut frå estimatet vi har per i dag vil bli redusert med 30-40 færre barn innan 2030 i barnehagesektoren. Det vil i framtida vere behov for færre barnehageplassar basert på framskrivingane.

Det at det blir færre barn kan gi ei opning for å legge ned ein større barnehage enn tal avdelingar ein eksisterande barnehage blir utvida med. På noverande tidspunkt er tala for framtida usikre og det er vanskeleg å slå fast at det er mogeleg.

På bakgrunn av dei usikre tala er det utfordrande å konkretisere kor mange avdelingar det eventuelt er føremålstenleg å utvide ein eller fleire eksisterande barnehagar med.

Halbrend barnehage er den barnehagen som har størst potensiale for å utvide utan behov for større tomt eller å bygge på ein etasje. Samtidig er det den barnehagen som har blitt bygd på i fleire byggesteg tidlegare og har ikkje nødvendigvis ei optimal løysing per i dag. Ved ei utviding er det truleg behov for å sjå på heilskapen for å få ein god og føremålstenleg barnehage. For Halbrend barnehage er det mogeleg å bygge på inntil 2 avdelingar med 24 barn utan å utvide tomta eller å bygge på ein etasje.

Sunde barnehage er ein av barnehagane som har potensiale til å utvide utan behov for større tomt eller å bygge på ein etasje. Sunde barnehage ligg i ytterkant av sentrumskjerna, og å utvide denne barnehagen kan føre til at trafikken vil gå frå sentrum. Fleire barn vil truleg køyre gjennom sentrumskjerna for å kome seg til barnehagen. For Sunde barnehage er det mogeleg å bygge på inntil 2 avdelingar med 18 barn utan å utvide tomta eller å bygge på ein etasje.

Både Nærleiken barnehage og Solsida barnehage avdeling Toene vil ha større behov for å auke tomtearealet, og det er i størst grad føremålstenleg å bygge på ein etasje enn å bruke meir av arealet på bakkenivå. Dette har truleg ein større investeringskostnad enn alternativa der ein kan bygge på bakkenivå.